



## DET JURIDISKE FAKULTET

**Til: Fakultetsstyret**  
**Fra: Fakultetsdirektøren**

**Saksnr: 5 a**

**Sakstype: Orienteringssak**

**J.nr: 2012/4255**

**Møtenr: 3/2012**

**Møtedato: 11/06/2012**

**Notatdato: 30/04/2012**

**Saksbehandler: Randi Rørlien**

**Sakstittel: Fakultetets svar på høring om handlingsplan for innovasjon**

Til:  
FA Forskningsadministrativ avdeling

Dato: 30.04.2012  
Saksnr.: 2012/4255 RANDIRO

### **Handlingsplan for innovasjon - høyringssvar frå Det juridiske fakultet**

Me viser til invitasjon frå Forskningsadministrativ avdeling til å komme med innspel til høyringsnotatet om handlingsplan for innovasjon.

Det juridiske fakultet meiner at høyringsdokumentet gjev eit godt grunnlag for ein handlingsplan for innovasjon. Definisjonen av innovasjon bør vera såpass vid for å kunne femne om dei mange ulike faga og fagtradisjonane ved UiO. Samtidig er ein slik handlingsplan verdifull fordi han framhevar kor viktig samspelet mellom universitet og samfunnet er.

Endrings- og fornyingsprosesser i samfunnet har gjerne rettslege sider og rettslege konsekvensar. Evna til å utvikle nye rettslege verkemiddel og til å finne tenlege og effektive rettslege reguleringar er ofte ein føresetnad for å gjennomføre politiske mål og for å utnytte ressursar på ein forsvarleg måte.

Som eit aktuelt døme kan ein nemne omlegginga av pensjonsordningane. Endringar i samfunnstilhøva har gjort endringane nødvendige, økonomiske realitetar har sett rammer for dei politiske måla, men gjennomføringa av reformene inneber eit nitid arbeid med regelverket som krev solid kjennskap til samspel mellom reglar og ikkje reint lite av fantasi og nytenking rundt både offentlegrettslege og privatrettslege reguleringar (endringar i folketrygda, endringar i reguleringa av forsikringsselskapene, tilrettelegging for nye former for forsikrings- og pensjonsavtalar).

Klimaendringane er eit anna døme. Utviklinga krev politiske tiltak, men gjennomføringa av tiltaka føreset evne til å finne nye former for rettsleg regulering som kan ivareta behovet for å trekke grenser for menneskeleg verksemd samtidig som ein legg til rette for nødvendig og forsvarleg bruk av naturen.

Vår nære fortid viser korleis petroleumsverksemda stilte krav til juridisk nytenking på fleire område: dei folkerettslege spørsmåla om rettar til kontinentalsokkelen; den offentlegrettslege reguleringa av utvinningsløyve, miljøvern, arbeidsmiljø, skattlegging og mykje meir; den privatrettslege utviklinga av vilkår for utvinningskontraktar, fabrikasjonskontraktar, forsyningskontraktar, forsikringsskontraktar og mange andre. Verksemda endra samfunnet på så mange vis, og endringane av det juridiske landskapet var ein viktig del av dette.



Internasjonaliseringa har stilt store krav til rettslege nyskaping og utvikling. Dels er det tale om å finne fram til den beste nasjonale gjennomføringa av reglar om menneskerettar, EU-reglar, reglar om verdshandel osv., dels er det tale om å tenkje nytt i arbeidet med nye internasjonale avtalar og innafor internasjonale organisasjoner for å kunne oppnå ei utvikling i den retninga vi ønskjer.

Det juridiske fakultet har gjennom alle år hatt nær kontakt med det praktiske liv. Tilsette ved fakultetet har fylt viktige roller i offentleg og privat verksemd. Dei har kunna fylle desse rollene på grunn av si uavhengige stilling som universitetstilsette og på grunn av utsyn, refleksjon og kritikk som det akademiske arbeidet med faget gjev rom for. Samtidig har deltakinga utafor fakultetet ført til innsikt og praktisk orientering som har gjort både forsking og undervisning betre og meir relevant enn dei elles ville ha vore. For store delar av fagområdet ville forsking og undervisning på høgt nivå utan nær kjennskap til praksis vera så godt som utenkjeleg.

Deltaking i offentlege utval, både lovutval og andre, er viktige døme på slike aktivitetar, men også utgreiingar av rettslege spørsmål for næringsliv og andre private partar, deltaking i tvisteløsing og undersøkingar, i styre og kontrollkomitear og i vidareutdanning og anna opplæring innafor arbeidslivet. Evna til nytenking må kvile på solide kunnskapar om rettslege verkemiddel og bruken av dei på ulike område.

Innovasjon kan vera direkte resultat av forskingsinnsats, som når rettsinformatikkmiljøet gjennom mange år har arbeidt med å finne svar på dei problema utviklinga av informasjonsteknologien har reist. Forskinga har sett spor i rettslege informasjonssystem, i regelverksutforming og det som kan bli ei enda meir «digitalisert» forvaltning.

Innovasjon er oftare eit resultat av samspelet mellom den fagutviklinga og utdanninga som skjer ved universitetet, og praksisen i forvaltning, domstolar og næringsliv. Universitetet bør gje dei framtidige juristane verkty til å handtere endring, og ei slik utdanning er berre mogleg dersom universitetsjuristane arbeider i tett kontakt med den praktiske jussen i det offentlege og det private. Universitetsjuristar har viktige roller i den rettslege utviklinga på dei områda som vart nemnde som døme ovafor.

Ein handlingsplan for innovasjon som framhevar det nødvendige i kontakten med samfunnet, kan tene til å vise at dette er ein del av universitetets oppdrag, og at det er aktivitetar som er nyttige også for universitetet. Det er inga motsetning mellom forsking og undervisning på den eine sida og dei utoverretta aktivitetane på den andre. Her som elles må både fagmiljøet og den einskilde universitetstilsette finne ein balanse mellom ulike delar av arbeidet, men i hovudsak er samfunnskontakten noko universitetet bør oppmuntre til.

Undervisninga i juridiske fag ville ikkje kunne gjennomførast utan det store innslaget av timelønte lærarar, dei fleste frå advokatverksemd, domstolar og forvalningsorgan. På same vis er det med eksamensarbeidet. Situasjonen i dag er slik at fakultet bør setjast i stand til å ta ein større del av undervisninga og

eksamensarbeidet ved eigne tilsette. Likevel er det ikkje noko mål å greie seg heilt utan eksterne lærarar og sensorar. Dei vil alltid måtte vera eit viktig innslag i utdanninga av nye juristar.

Praktikarar er viktige medspelarar også i forskingsaktivitetane ved fakultetet, typisk ved at dei er med på faglege seminar og faglunsjar. Mange har kvalifikasjonar som gjer at dei kan brukast i forskarrettleiing og i bedømmingar.

Eit ledd i handlingsplanen kan vera å få i stand ei meir systematisk drøfting av korleis kontakten med samfunnet rundt universitetet kan planleggjast og tilretteleggjast. Det kan gjelde praktiske spørsmål, som tidsbruk og bruk av universitetets ressursar i eksterne oppdrag, og det kan vera spørsmål rundt interessekonfliktar, uavhengig stilling og andre spørsmål av etisk karakter. Innfallsvinkelen bør ikkje vera negativ, slik at det gjeld å avgrense aktivitetane mest mogleg, men meir den positive: Korleis kan vi fremje det verdifulle samarbeidet mellom universitetet og offentleg og privat verksemد?

Handlingsplanen bør òg opne for drøfting av korleis eksterne krefter best kan knytast til forsking og undervisning. Eit døme kan vera ei nærmere vurdering av tilsetjing av praktikarar i deltidsstillingar knytte til nærmere fastlagde oppgåver.

Ikkje minst bør det vera eit ledd i handlingsplanen at universitetet påverkar utviklinga av forskingsprogram i forskingsråd, EU og andre organ ved å peike på den rolla jussen har i endringsprosessar. Det er ikkje berre eit spørsmål om å forske på jussen som samfunnsfenomen, men også å trekke inn korleis kunnskap om rettsreglar, rettsforhold og rettslege reglar er viktige verkty i ei styrt utvikling av samfunnet.

Med hilsen

Kåre Lilleholt (signering)  
forskningsdekan

Randi Rørlien  
forskningsrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikke signert.

Saksbehandler:

*Randi Rørlien*  
22851980, [randi.rorlien@jus.uio.no](mailto:randi.rorlien@jus.uio.no)